

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 93/2012

2017/EØS/29/05

av 3. februar 2012

om godkjenning av *Lactobacillus plantarum* (DSM 8862 og DSM 8866) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyrearter(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av *Lactobacillus plantarum* (DSM 8862 og DSM 8866). Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» av *Lactobacillus plantarum* (DSM 8862 og DSM 8866) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for svin, storfe, sauer, geiter og hestar.
- 4) I ei fråsegn av 11. oktober 2011⁽²⁾ slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at *Lactobacillus plantarum*

(DSM 8862 og DSM 8866) ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at dette preparatet kan betre produksjonen av ensilasje frå alle typar fôr ved at det reduserer pH-verdien og betrar lagringsevna til tørrstoff. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffa i fôrvarer som er lagd fram av det referanselaboratoriet til Fellesskapet som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) Vurderinga av *Lactobacillus plantarum* (DSM 8862 og DSM 8866) viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 6) For å sikre samsvar bør godkjenninga av dette tilsetjingsstoffet utvidast frå å omfatte svin, storfe, sauer, geiter og hestar til å omfatte alle dyrearter, noko som er i tråd med den tidlegare godkjenninga av liknande tilsetjingsstoff.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhøyrer kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «tilsetjingsstoff i ensilasje», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 33 av 4.2.2012, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 206/2012 av 7. desember 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 18 av 21.3.2013, s. 3.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ EFSA Journal 2011, 9(11):2408.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. februar 2012.

For Kommisjonen
José Manuel BARROSO
President

VEDLEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						KDE/kg ferskt materiale			
Kategori: teknologiske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: tilsetjingsstoff i ensilasje.									
1k20812	—	<i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 8862 og DSM 8866)	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet:</i></p> <p>Preparat av <i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 8862 og DSM 8866) som inneheld minst 3×10^{11} KDE/g tilsetjingsstoff (i høvet 1:1)</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet:</i></p> <p><i>Lactobacillus plantarum</i> (DSM 8862 og DSM 8866)</p> <p><i>Analysemetode</i>⁽¹⁾:</p> <p>Teljning i tilsetjingsstoffet i fôrvarer: platespreiingsmetoden (EN 15787)</p> <p>Identifikasjon: pulsfelt-gelelektroforese (PFGE)</p>	Alle dyreartar	—	—	—	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bruksretteleinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur og lagringstid. 2. Minstedosen av tilsetjingsstoffet når det ikkje vert nytta saman med andre mikroorganismar som tilsetjingsstoff i ensilasje: 3×10^8 KDE/kg (i høvet 1:1) ferskt materiale. 3. Tryggleikstiltak: pustevern og hanskar bør nyttast under handsaminga. 	24. februar 2022

⁽¹⁾ Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet til Fellesskapet: http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx